

Bonsaksen

Trafikkskule

Informasjonshefte

Klasse B96/BE



Oversikt over opplæringa

Trinn 2 Grunnleggjande køyretøy- og køyrekompetanse

- 2.1 Kunnskap om risiko i tilknytning til å køyre bil med tilhengar
- 2.2 Grunnleggjande kunnskap om lastsikring
- 2.3 Til- og fråkopling av tilhengar og sikkerheitskontroll
- 2.4 Plassbehov ved køyring rett fram og i sving, og køyring i mot- og utforbakke
- 2.5 Rygging
- 2.6 **Trinnvurdering** 1 time

Trinn 3 Trafikal del

- 3.1 Systematisk og automatisert informasjonsinnhenting
- 3.2 Tydeleg, sikker og effektiv køyring i variert terreng
- 3.3 Snuing og bruk av medhjelpar
- 3.4 Sjølvstendig køyring i variert trafikkmiljø på ein måte som gir god samhandling og er økonomisk og miljøvennleg
- 3.5 **Trinnvurdering** 1 time

Trinn 4 Avsluttande opplæring

- 4.1 **Kurs i sikring og merking av last** 2 timar
- 4.2 **Sikkerheitskurs på veg** 3 timar
- 4.3 Tilstrekkeleg øving

Det som skil **klasse B96** og **BE** er førarprøven. Vel ein å ikkje ta førarprøve, får ein førarrett på **klasse B96** med tillaten vogntogvekt 4250 kg. **Klasse B96** kan hentast ut hjå Statens vegvesen mot eit gebyr på kr. 200,- og kr. 70,- om du treng nytt bilete.

Reglar ved trafikkskulen

Me ved Vossalappen AS og Bonsaksen Trafikkskule vil ynskja deg velkomen til eit moderne og effektivt læringsmiljø! Førarkortopplæringa vert i dag gjeve etter læreplanar, utarbeidd av Vegdirektoratet, der ein del av opplæringa er obligatorisk. Kor mange timar ein vil trenge før ein er klar for førarprøve hjå Statens vegvesen, vil variere på bakgrunn av erfaringsgrunnlaget ein har. Betaling av opplæring kan ein gjere på <http://www.tabs.no>. Skal ei bedrift betale, må du opplyse om dette.

Søknad

Det må sendast inn søknad til Statens vegvesen angående helse og syn. Det må og leggast inn kva trafikkskule du vil gi fullmakt til, for å få bestilt førarprøve. Søknaden finn du her: <http://www.vegvesen.no/dinside>. Trykk på «Ditt førarkort» og «Gje fullmakt til trafikkskule».

Praktisk prøve

Denne vert gjennomført med ein sensor frå ein av Statens vegvesen sine trafikkstasjonar. Den praktiske prøven tek omlag 65 min. Resultatet vert gjeve etter køyringa.

Til førarprøven må du ha med deg:

- Legitimasjon/evt. tidlegare førarkort
- Kr. 1060,- som skal betalast før førarprøven
- Kr. 210,- for førarkort dersom du greier førarprøven
- Kr. 70,- viss du treng eit nytt bilete

Opplæring (1 time = 45 min)	Varighet	Pris
Køyretime	1 time	900,-
Obligatorisk trinnvurdering	1 time	900,-
Sikkerheitskurs på veg	3 timar	2700,-
Kurs i sikring og merking av last	2 timar	1300,-
Leige av bil og hengar ved førarprøve		2400,-

Dagleg kontroll

Dagleg kontroll skal gjennomførast uoppfordra før køyring.

1. Kontroller parkeringsbremsen på tilhengaren.

Ta opp håndbrekk på tilhengar, køyr litt fram og legg merke til om du møter motstand.

2. Kontroller tilhengarkoplinga og gjer greie for kva du kontrollerer?

Sjekk at den er hekta skikkeleg på tilhengarfestet. Sjå etter synlege skadar og om låsemekanismen verkar. Plasser støttehjulet slik at dersom tilhengaren vert skilt frå bilen vil den dra utover mot grøfta.

3. Kontroller sikkerheitswire og gjer greie for kva du kontrollerer.

Sikkerheitswire må ikkje ligge over draget, då dette medfører for stor frikjon og ikkje gjev optimal bremsing viss tilhengar vert skilt frå bilen i ein nødsituasjon. Sikkerheitswiren dreg opp håndbrekk, men vil ryke om tilhengaren hoppar av.

4. Kontroller køyrellys, bremselys, blinklys, markeringslys og skiltlys.

Hugs å ha på riktig lysinnstilling på bilen. Bruk ein bremsepinne for å sjekke bremselys ved å kile den mellom setet og bremsepedal, sett så på blinklys venstre, gå bak og kontroller, ta vekk bremsepinne, slå på blinklys høgre og gå bak og kontroller køyrellys, skiltlys og blinklys. Då er du meir effektiv og treng berre gå bak to gonger. Kontroller om eventuelle varsellampar eller feilmeldingar kjem opp i dashbordet på bilen. Elektronikken i nyare bilar er ganske følsom, så om du opplever problem med lysa, kan det vere lurt å skru bilen av og på igjen for å fikse problemet.

5. Ta ein visuell kontroll av dekk sin tilstand.

Sjekk luftrykk , mønsterdybde og sjå etter synlege skadar på dekk eller felg. Krav til mønsterdybde vinter: min. 3,0 mm, sommar: min. 1,6 mm. Heilårsdekk skal ha påskrifta M+S (mud and snow).

6. Kontroller at lasta er skikkeleg sikra.

Sjekk slitasje og eventuelt etterstram fiberstropper.

7. Prøvekøyr og kontroller at bremsane på tilhengaren verkar.

Køyr i 20 km/t, brems bestemt og kjenn at tilhengaren sin påløpsbrems kjem på.

Tilhengarar skal ikkje køyrast fortare enn 80 km/t. Frå og med 2022 gjeld dette alle tilhengarar, unntaket er tilhengarar med spesiell godkjenning som kan køyre i 100 km/t.

8. Kontroller at du har vognkortet til tilhengaren.

Vognkortet må framvisast ved kontroll og gjev nyttig informasjon om tilhengaren.

Er det slik at ein ikkje finn vognkortet, kan ein som eigar melde vognkortet tapt på <http://www.vegvesen.no/dinside>. Framvising av digitalt mellombels vognkort vert godteken som ei prøveordning i kontroll.

Oppkøring

Du må utføre tilkopling av tilhenger og kontroll før kjøring når prøven begynner. Du får 4 sikkerhetskontrollspørsmål før du kører. Då kan du bli beden om å kontrollere for eksempel lys, bremsar, varsellamper eller noko anna. I tillegg må du forklare kva som kan vere årsak eller følge dersom noko er feil.

Du kører om lag 40 minutter under varierte veg- og trafikkforhold. Ruta du kører, er fastsett på førehand. Du må kople fra tilhengeren ved slutten av prøven.

Oppgåver under kjøring:

Du får beskjed i god tid om kor du skal køyre. For det meste ber sensor deg om å køyre til navngitte stader som du finner skilt mot, men du blir også beden om å snu, parkere og rygge.

Vurderinga sensor gjer:

Sensor vurderer om du har nådd målene godt nok til å trene vidare på egen hånd.

Det blir lagt vekt på at du har god køyretøybehandling og greier å køyre behageleg og økonomisk. Du må beherske snuing og rygging med tilhenger, og eventuell bruk av hjelpemann. Du må greie å være oppmerksom på veg- og trafikkforholda rundt deg, og dei spesielle utfordringene kjøring med tilhenger gir. Køyremåten skal være tydeleg og sikker, og gi god trafikkavvikling. Du må køyre forutsjåande, ta hensyn til andre sine behov og legge opp til samhandling med andre trafikantar.

Aktuelle sikkerheitskontrollspørsmål


1. Kva for krav gjeld for sikring av veggrepet til tilhengar på vinterføre?

Minst 3 mm mønsterdybde på dekk.

2. Gjer greie for kva for konsekvensar det kan ha å køyre med for tung tilhengar.

Køyreeigenskapane vert påvirka negativt. Lengre bremselengde, understyring i svingar og blendingsfare då fronten på bilen vert heva.

3. Kva er kravet til speglutrustning/utsikt bakover når du køyrer med tilhengar?



4. Gjer greie for korleis spegla på dette vogntoget fyller krava til utsikt bakover.

Samanliknar ein vognkortet til bil og tilhengar ser ein at dei er omlag like breie.


5. Er det lov å køyre med last som stikker utanfor tilhengaren?

Ja, men last må ikkje stikke meir enn 15 cm utanfor tilhengaren sine sider, innanfor 255 cm (brei last) eller smalare.

Unntak: Transport av båt kan stikke meir ut, innanfor 255 cm. Plater skal ikkje stikke utenfor tilhengaren sine sider i bredderetninga. Bruk skråstilt stativ.

Merking: Last som stikk ut over 1 m bak køyretøyet, skal merkast med godkjent merkeanordning av farge raud og kvit. Raudfargen skal vere reflekterande. Samme gjeld last som stikk framfor køyretøyet, maks 1 m. Under 'tilfeldig transport' kan merkinga gjennomførast på annan synleg måte.


Er det mørkt skal det nyttast lys som er synleg på 150 m avstand. Merk last som stikk bak eller framfor køyretøyet med raudt lys. Merk last som stikk ut i bredderetninga med eit kvitt lys på kvar side ytterst framme og eit raudt lys på kvar side ytterst bak.



Godkjent merkeanordning



Under 'tilfeldig transport' kan ein merke med refleksevest, plastpose eller liknande.



6. Kontroller dekkdimensjonen for denne tilhengaren.

Kontroller dekkdimensjonen på dekket med den i vognkortet.

7. Kontroller om dekk har riktig bæreevne (Load Index, LI).

Finn 'Min. LI' i vognkortet. Våre dekk har load indexen oppgitt som 91/89, der 89 er for toaksla tilhengarar (dual) og 91 er for einaksla (single) tilhengarar.

8. Kontroller varmgang på dekk og bremsesystem på tilhengaren.

Fysisk kjenne på dekk. Skal ein kontrollere bremsesystemet held ein hånda eit par sekund i senter av felgen på alle hjul og samanliknar.

9. Kjør på vekta og finn ut kor tung tilhengaren er no.

Bruk vekta hjå Statens Vegvesen.

'Tillaten totalvekt' - Kva som maksimalt kan lastast

'Aktuell totalvekt' - Vekta av køyretøyet (eigenvekt) samt eventuell last

Førarkortklasse	Totalvekt bil	Totalvekt tilhengar	Totalvekt vogntog
B96	3500 kg	750 kg	4250 kg
BE	3500 kg	3500 kg	7000 kg

Klasse B96 kan ha tyngre totalvekt på tilhengar om bilen veg mindre enn 3500 kg, så lenge vogntogvekta ikkje overstig 4250 kg.

Døme: 2500 kg + 1750 kg = 4250 kg

<https://www.vegvesen.no/kjoretøy/eie-og-vedlikeholde/tilhenger/tilhengerkalkulator/>

10. Kva er tillatt nyttelast for denne tilhengaren?

Kontroller tillaten nyttelast i tilhengaren sitt vognkort.

11. Kor tung tilhengar har du lov å trekkje med denne bilen?

Kontroller 'tillaten hengarvekt' i bilen sitt vognkort. Hugs at så lenge 'aktuell totalvekt' ikkje overstig det som står i bilen sitt vognkort er dette lovleg.

12. Kor stor vekt kan kvile på tilhengarfestet?

Kontroller 'koblingslast' i bilen sitt vognkort.

13. Kva er største tillaten totalvekt på denne tilhengaren?

Kontroller tilhengaren sitt vognkort.

14. Kva for krefter skal lastesikringa tåle med tanke på bremsing?

Minst heile lasta si vekt.

15. Kva for krefter skal lastsikringen tåle med tanke på køyring i sving?

Minst halve lasta si vekt.

16. Kva lastesikringsmetoder er nytta på lasta din?

Surring framover, bakover og over. Stenging ved bruk av plankar.

17. Gjer greie for korleis lastesikringa i dette tilfelle oppfyller kravene.

Usikra eller dårleg sikra last kan lett forskyve seg eller ramle av. Plankane stenger lasta framover. Surringen som ligg over lasta sikrar i sideretning. Grimesurringane sikrar bakover og framover og hjelper i tillegg for at sanden ikkje skal endre form.

18. Gjer greie for riktig plassering av last på tilhengar.

Plasser tung last over akslingane på tilhengaren. Kan sjåast i sammanheng med kuletrykk. Feil vektfordeling på tilhengar fører til at vogntoget vert ustabil under køyring.

19. Nemn tre ulike lastesikringmetodar.



Låsing

Containere med egne fester som kan låsast til bilen sitt påbygg.



Surring

Bruk fiberstropper, kjetting og kjettingstrammarar eller wire.



Stenging

Steng ved hjelp td. pallar for å unngå at lasten flyttar seg. Er ikkje god nok sikring i seg sjølv og bør kombinerast med surring.



Ryggging

Ryggging rett bak:

- Ser ein meir av tilhengaren i eit spegl skal det svingast mot det speglet
- Ikkje bruk større rattutslag enn omlag 1/4
- Har ein litt fart vil tilhengaren vere meir stabil
- Ein får betre sikt og minkar risikoen for påkøyrsel ved å rygge med vogntoget på ei rett linje

Ryggging i sving:

- Snu deg og sjå ut sidebakruta for å finne målet ditt (X)
- Snur ein seg har ein betre dybdesyn enn i spegla
- Bruk korte blikk i spegl og snu deg med jamne mellomrom
- Kjør med ein jamn fart og unngå stopp



Rygging



Har ein korrekt svingradius og hengaren held jamn avstand til kanten har ein funne balansepunktet. Trikset no er å jobbe med ørsmå rattutslag på eit lite område av rattet.



Ha litt vinkel på hengaren så lenge som mogleg ved å ikkje rette opp rattet før bilen og hengaren er nokolunde på ei linje.



Er du usikker på kor mykje plass som er att bak hengaren, kan du opne døra og sjå ut for å få korrekt dybdesyn.



Lars Konrad Bonsaksen

Dagleg og fagleg leiar

Tlf: 913 00 099

E-post: post@trafikkskulen.no

Underviser: AM146 - B - B96/BE



Tone Karolin Ullestad

Trafikklærer og kontoransvarleg

Tlf: 909 16 078

E-post: tone@trafikkskulen.no

Underviser: B

Bonsaksen
Trafikkskule